Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. — Fylke: Sör-Tröndelag

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Oppdal

Emne: Brynet — Bygdelag: serleg Nordskogen og Drivdalen

Oppskr. av: Ola J. Rise. 70 år. — Gard:

(adresse): Mjöen, Oppdal p.o. — G.nr. — Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. og opprit.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1) Steinen kallast bry'n (eit) og å bruke steinen kallas å bry'n eller og å strö'kj ljå'n t.d., men dei sa å he'n skjoro, når dei bruka bryne og: Ei hein var mindre og finare enn ljåbrynet. Og emne til heiner fanst her i bygda (nord-vesti fjellom). Eit ljåbryne var kring 25 cm. langt og kring 4 cm. tjåkt (afflast rundt).

2) Först i den siste halve mannsalderen har det vorte nytta kånststein (Sandstein, Smergel eller anna). Og enno er det mykje vanleg å bruke naturstein til ljåbryning. Det har vore innfört bryner (grovt tillhogd) t.d. frå Soknedal, og det har vore nemnt at einskilde skulle vera komne frå mökk=kjelaren på storgarden Tofte på Dovre for lenge sea. Elles frå fleire andre stader. Så det har truleg vore lite av lugum brynesteinar å finne

420

S. 2.

2

her i bygda. Bryner frå Skåråvangen har vore nytta ei tid.

3) Som regel blei alle reidskap slipa på ein rund stein føre bryninga eller heininga. Til finare reidskap var det mest alltid brūka hein. Men til kjökenknivar, „fortkjerarar", har det vore og er det nytta bruko ein har kalla kjerringhena: Dei straūk (drog att og fram) med reidskapen på kanten av t. d. eit grovkrusfat, eller truleg og på omnsteinen.

4) Denne tynninga og kvessinga med hamar er heilt ūkjent her no. (Eg kjenner slik kvessing ved røynsle med å kvesse plogskjer ute på Dakataprerien i Am. Der laūt ein ha med seg ut på vidda eit lite smistē, skrūve av skjeret og hamre det kvast. Dette var, som sagt, ikkje her i landet og har vel mindre interesse).

5) Slike (ikkje runde) steinar er ikkje kjent no, men det spörst om den kvessingsmåten som er nemnt under 3 er ein attgangar etter ei slik sliping. Og eit laust steinstykke, no ofte av ein avdanka slipestein eller brynestein, har vore nytta til å skure av röst eller måling på ljå som skulle slipast.

Heilt til seinare tid har ein haot med seg ein liten vore slipestein ut i skogenget for å kvesse ljå på. Han kunne bli sett på faste tre eller på krekkjor og flytta etter som

420

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

s. 3 3

skårgangane låg til. Men helst
tok dei ~~ljåane~~ ljån (også fleirtal)
med seg heim og slipa der når dei
var heim til måls og til kvelds.
6) I eldre tid bruka ein visst ljåen
heile økta, da han vart slipa, snert
eller lagt=på („Du må legg=på din Jøsst") fire
gonger for dagen. Sia dagen vart delt
i tri eller to økter, etter 1900, har ein
ofte slipa ~~og bruka~~ to ljå og havt
med ut i skogenget, for å skifte
når det lei ut i økta og ein hadde
steinhogd.
7) Først eg minnest var det berre
steinbryner, men eg har seinare
set eit slag bryn'stikk e.l. som dei
enten fin=straük ljåen med
eller berre nytta så lenge ljåen
var nyslipa og bra heilegga. Det
var visst av furu og pålagt slipesand.
Men steinbryne måtte alltid til
for å tå attatt hak etter steinhogging.
8) Ljåen har ikkje, det eg veit,
vore slipa utan örv (eit) anna
enn første gongen, såleis berre
når dei slipa opp ljåen. For
for det meste har ljåen vore
tibainde, fasthünde, (eldst med bjørkevåg,
nyare med jørntråd over ein underlagt
rearføring). Såleis held ein
alltid egga på ljåen imot seg
på slipesteinen. (Og sveivinga
går som på eit „anna paasetio".)

420
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

s. 4

4

9) Dersom ljåen var helt skjemt eller sjogg la ein orvet ned på marka og greid ljåen, med odden i veret, på oppsida i alle fall. Men den vanlegaste måten har vel alltid vore å setje spissen på orvet ned på marka og halde ljåen med "bakken" imot vinstre armen og "bry'n" eller "strö'kj" med högre handa til skiftes på båe sidom av egga. Her er berre lang-orv kjent.

10) Koppen kallast bryn'stokk ("stronk" og "stromp" har visst kome inn med utabygdes onnkarar, truleg frå Nordmöre) Stokken var vel helst laga av furu, med jönngjord åost på og med ein festekrok.

11) Kuhorn var visst delvis nytta i eldre tid, men nakselen er ukjent no.

12) Ein feste-kroken (sjå 10) vanleg på knivskjerema, beltereima, og der (frå gamalt) på ein ring.

Vanlegast heng no bryn'stokken midt bak, men den tida da onnkaren gjorde slåtten så vel ifrå seg at han til og med böygde seg ned og plukka dei stråa som stod att attmed

420

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

buskor og steinar o.d., da bruka dei truleg å bera stokken med bryne og vatn i framapå for å sleppe å få væta i ryggen når dei bøygde seg ned.
Dei eldre eg har set med brynestokken framapå gav truleg ei minning om denne avlagde skikken. Men det kan ha vore andre grunnar for bere=måten. Eg nemner det berre som noko tenkjeleg.
13) Vatn har vore nytta til både naturbryner og sandheiner, men seinare er det helst olje til sistnemnde. På trestikka var det oftast berre vatn og slipsand, som ein hadde med i brynstokken
14) Det kallast helst he'nsand, (norast uttala=sainn).
15) Visst nok ublanda nytta mot rengorm. Og helst var det sand etter heining av mindre reidskap.
16) Nei, ikkje det eg veit.
17) Kanskje i jord. Var steinen hard, vart han brent litt, visstnok i eldmörj (heit oske i grua).
18) Nei, ikkje kjent.
19) Nei — " —
20) Nei — " —

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY 420